

# Møteinnkalling/Referat

## FAU-møte 06.05.2026



Sted: Øyra skole, Miniauditoriet 3.etasje

Møteleiar: Tarjei Vågstøl

Sekretær: Hilde M. Hjelleseth

Til stede:

Klasse	Klassekontakt	Klasse	Klassekontakt
1A	Helge Mjånes, Cathrine Kristiansen (siste del)	1B	Ingrid Marie Strand
2A	Vebjørn Krumsvik Skeide, Beate Krøvel Humberset	2B	Andreas G. Johnsen
3A	Eivind Martinsen	3B	Eivor Finset Spilling, Maria Jenny Bjørlykke Brandsæter (siste del)
4A	Raymond Corrado Knutsen (digitalt)	4B	Jorun Marie Rypdal Kvernberg (siste del), Tarjei Johannessen Vågstøl
5A		5B	Hilde Moltu Hjelleseth
6A	Robert Fremmerli Steinnes	6B	Kirsti Gaudestad (digitalt), Karen Rosenberg Olsen
7A	Maria Bjelde Vikebakk	7B	Heidi Øglænd (første del digitalt), Øyvind Espe
Øvrige	Påtroppande rektor Håvard Strand, her omtala som "rektor"		

Sak	Saksnamn og referat	Oppfølging
1	Marknad.  Bakgrunn for saka: Leiar av Marknadsgruppa, Hilde Hjelleseth, legg fram status og vidare tilråding vedrørende Marknad. I utgangspunktet var agenda for den innmeldte saka å informere FAU om	FAU diskuterer konkrete tilrådingar til hausten. Oppdatere og samle dokumenta om Marknad i Disk, og opprette

Oppvekst  
www.volda.kommune.no

Postadresse: Stormyra 2, 6100 Volda  
E-post: postmottak@volda.kommune.no

Telefon 70 05 87 00  
Org.nr: 939 760 946

<p>overordna plan for Marknad 2026, samt formidle ut konkrete oppgåver til fordeling for kvart trinn. Då Marknadsgruppa ligg klart bak skjema med planlegging og ressursar, er tilråding frå leiar at ein utsetter Marknad til neste år.</p> <p>Årsakane til den utilfredsstillande progresjonen i planleggingsarbeidet er samansette.</p> <p>Ein kom m.a. seint i gong med oppstartsmøte. Det har vore utilfredsstillande respons og deltaking frå omlag halvparten av dei som skal utgjere Marknadsgruppa (foreldrekontakter og varaer på 5. trinn), både ift generell respons samt mangelfull deltaking på møter. May Lisbet Lande frå skulen har bidratt, men har kun hatt høve til begrensa rolle denne gongen. Førrige leiar, Andrea Velle, bidrog frivillig som nestleiar, men måtte nyleg trekke seg. Dei få som har bidratt har komt eit stykke på veg.</p> <p>Dermed står ein att med klart redusert kapasitet ift kva som er naudsynt. Det er eit stort arrangement, og der var ein del forbedringspunkt etter førrige evaluering frå dåverande Marknadsgruppe, samt lærarar.</p> <p>Drøfting: Overordna semje i FAU om at det er ynskjeleg å få til gjennomføring av Marknad. Tanken om ei felles sommaravslutning er god, og det er ynskjeleg at det vert ein årleg tradisjon. Arrangementet har vore ei suksess tidlegare, men er per no tilsynelatande utilstrekkeleg forankra både hjå skulen og foreldregruppa. Det bør kome på plass ein tydelegare struktur for planleggingsprosess og gjennomføring.</p> <p>Det diskuterast ulike moglegheiter for å kunne holde Marknad i år, trass den utfordrande situasjonen. T.d. å utsette datoen, droppe arbeidet med sponing, og kun ha tombola med tradisjonelle gevinstar. At 4. trinn kan få oppgåva med leikar, sidan dei nett har erfaring med 17. mai-leikar.</p>	<p>forslag til planleggingsprosess som også leggst inn der (H. Hjelleseth kan gjere dette).</p>
---	---

	<p>Også forslag om at dei eldste klassene kan avspasere etter Marknad for å få meir bidrag frå lærarar på dagen, men at lærarar på dei yngre trinna kan vere fritatt frå å delta på Marknaden. Fungerte ikkje så bra sist, ifølge ny rektor.</p> <p>Skulen har på sin kant utfordrande økonomi, og kan ikkje lønne lærarane for å stille etter arbeidstid, fortel rektor. Ifølge rektor er det von om å få deltaking på Marknad inn i arbeidsplanane for lærarane til neste år, då arrangementet er eit godt prosjekt for skule-heim samarbeid. Felles møtepunkt og felles oppleving for både skule og heim framstår viktigast i denne samanheng; ein er nok ikkje avhengige av praktisk bistand frå lærarane på sjølve Marknaden for å gjennomført arrangementet (men istaden av førebuingarbeidet dei gjer saman med elevane i skuletida).</p> <p>Semje om at det i alle høve er behov for ein fungerande planleggingskomité aktuelt. Av dei oppmøtte i FAU er det ikkje mange nok som melder seg til å delta i slik planleggingsgruppe; forståeleg nok har folk flest ikkje kapasitet til dette på kort varsel. Det hastar imidlertid å beslutte vidare plan.</p> <p>Konklusjon etter drøfting: FAU vedtek å utsette Marknad i lys av dei aktuelle forholda.</p> <p>Kome tilbake til saka om Marknad for fortsettinga, i FAU-møte til hausten.</p>	
2	<p>Skule-heim samarbeid, ved påtroppande rektor Håvard Strand.</p> <p>Påtroppande rektor initierte sjølv eit moglegheitsrom for å avklare forventningar og ynskjer.</p> <p>FAU-leiar og -nestleiar rosar Strand for å ta initiativ til møte om skule-heim samarbeidet.</p> <p>Det vert spelt inn at FAU er ei engasjert foreldregruppe, som ikkje stiller spørsmål for å vere vanskelege. Dialog er ynskjeleg frå begge partar, og skulen bør etterstrebe å svare ut konkrete spørsmål frå FAU. Foreldra ynskjer informasjon om konkrete forhold ved skulekvardagen, rektor vil innhente opplysningar ved førespurnader frå FAU, og svare ut så snart som råd. Innspel frå rektor om at FAU-styret tidvis kan vurdere å "sile" ut nokre av spørsmåla; at ved styrka samarbeid vert det</p>	Skuleleiing, FAU

	<p>enklare for FAU-styret og skulen å ha tillit til kvarandre sine vurderingar/prosessor. Rektor foreslår (som tidlegare tatt opp med FAU-styret) to faste, årlege møter mellom skuleleiing og FAU-styret.</p> <p>Fleire av foreldra påpeika dette med informasjon og dialog som eit viktig grunnlag for trivsel, tryggleik og tillit. Mellom anna kom det innspel om ein ynskjer større openheit og erkjennelse av betydningsfulle utfordringar på skulen. At dersom ein vert tilstrekkeleg informerte om viktige forhold, kan dette mogleg leie til auka tillit i foreldregruppa.</p> <p>Rektor får spørsmål om forventningar til foreldre. Rektor ynskjer m.a at foreldre bidreg til eit godt samarbeid med skulen, og tek ansvar saman med skulen for at elevane skal ha det bra og få ei god danning.</p> <p>Heimesida til skulen: ambisjon om å gjere denne løpande oppdatert med relevant informasjon, i tillegg til det ein mottek i Vigilo, fortel Strand.</p> <p>Forslag om at foreldre på 1. trinn kan ha eitt ekstra møtepunkt med lærar på starten av 1. klasse. I utviklingssamtalar generelt er der ønske frå nokre om meir rom for å diskutere trivsel, i tillegg til det faglege.</p> <p>Strand viste også til informasjonsvideoen <a href="https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/filmsider/film-et-godt-foreldremiljo/">https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/filmsider/film-et-godt-foreldremiljo/</a> og hadde ein presentasjon som han sa han kunne dele i etterkant.</p>	
3	Ymse. Ingen fleire saker vert meldt inn som "eventuelt".	

**Oppvekst**  
[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

Postadresse: Stormyra 2, 6100 Volda  
E-post: [postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no)

Telefon 70 05 87 00  
Org.nr: 939 760 946